

Saksbehandlar: Alf Høyrem, Administrasjon og innovasjon  
Sak nr.: 21/2691-1

## **Handlingsplan for bruk av BHT 2021**

### **Arbeidsmiljøutvalet rår administrasjonsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Handlingsplan for 2021 vert vedteken slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Framlegg til handlingsplan for bruk av BHT 2021

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Forskrift om arbeidsgivers bruk av godkjent bedriftshelsetjenete

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Bakgrunn for saka**

Det er arbeidsgjevar som har ansvaret for at arbeidsmiljøet i verksemda er fullt forsvarleg. Bedriftshelsetenesta (BHT) skal bistå arbeidsgjevar i arbeidet med å skape sunne og trygge arbeidstilhøve i verksemda.

Handlingsplanen er eit verktøy for å planlegge og å få oversyn over HMT-aktivitetar og HMT-tiltak som skal gjennomførast med bistand frå BHT og skal inngå i kommunen sitt systematiske arbeid med helse- miljø og tryggleik. Det skal utarbeidast slik handlingsplan årleg.

Utgangspunktet for den vedlagde handlingsplanen er framlegg utarbeidd av BHT (Avonova). Framlegget vart gått igjennom i møte mellom arbeidsgjevar, BHT og dei tre hovudvernomboda i kommunen, og seinare i eige møte mellom arbeidsgjevar og verneomboda.

### **Vurderingar og konsekvensar**

Ideelt sett burde dei einskilde tenestene ha vore trekt inn i arbeidet med utarbeidinga av planen. Grunna knapp tid, vel arbeidsgjevar likevel å lage ein overordna plan for heile kommunen for 2021 utan at tenestene er trekt inn i arbeidet. Arbeidet vil bli gjort grundigare neste år, og dette vil verte ein av fleire rutinar i kommunen sin HMT-plan som no er under utarbeiding.

Avtalen mellom kommunen og BHT er slik utforma at kommunen betalar timepris ved all bruk av Avonova sine tenester. Det er mange av BHT sine tenester som kan vere fornuftige å nytte seg av, men grunna avgrensa økonomiske ressursar er det viktig å vurdere kostnadar i høve til nytte. Det står att om lag kr. 520.000 i budsjettet til bruk av slike

tenester i 2021. Det er ikkje estimert timeforbruk/kostnadar knytt til planen, men Avonova har blitt bede om å legge fram eit kostnadsoverslag til møtet i AMU.

Dei viktigaste prioriteringane i planen er opplæring og kartlegging av utsette grupper som skal ha helsekontrollar. Det har ikkje vore gjennomført opplæring av verneombod og medlemar av AMU i «nye» Sogndal kommune, noko som er lovpålagt. I tillegg er det viktig at leiarar får naudsynt opplæring.

Det må gjennomførast ei risikovurdering av kva gruppe/arbeidstakarar om skal følgjast opp i helsekontrollar. Visse grupper/arbeidstakarar skal ha helsekontrollar med bakgrunn i forskrift, medan det for andre må gjennomførast nærare risikovurderingar om behovet. Som ny kommune ser ein det som viktig å få hjelp av BHT med å gjennomføre ei slik kartlegging i 2021 ettersom det ikkje er gjort slik arbeid i kommunen tidlegare.

Det er BHT som står for gjennomføringa av helsekontrollane.